

NOTAT

Mottakarar:

Knut Terje Rekve

Fra Ragna Helen Vestrheim

Vår ref: 04/851-1/N-231//RHVE

Bibliotekplan for Kvam herad 2004 - 2007 - Innstilling frå plangruppa

Ragna Helen Vestrheim
Biblioteksjef (vikar)

BIBLIOTEKPLAN FOR KVAM

2004-2007

FRAMLEGG FRÅ PLANGRUPPA

Mars 2004

Hovudmål for Kvam som kulturkommune:

Kvam herad skal få fram kulturtilbod som er med å skapa identitet, engasjement, kreativitet, kunnskap og arbeidsplassar som gjer det attraktivt å bu i Kvam.

BIBLIOTEKPLAN FOR KVAM FOLKEBOKSAMLING 2004-2007

Innhald:

1. INNLEIING	3
1.1 Vidareføring av bibliotekplanen frå 1991	3
1.2 Planprosessen	4
2. MÅL OG OVERORDNA FØRINGAR	4
2.1 Visjon og mål for Kvam folkeboksamling	4
2.2 Staten si rolle	5
2.3 Fylket si rolle	5
2.4 Kommunen si rolle	5
3. UTVIKLINGA AV KVAM FOLKEBOKSAMLING OG STATUS 2002	6
3.1 Kort historisk oversyn over utviklinga av Kvam folkeboksamling	6
3.2 Stoda ved Kvam folkeboksamling (status 2002) med nøkkeltal	6
4. HANDLINGSPROGRAM 2004-2007	8
4.1 Strategi 1: Utvikle bibliotekstrukturen og samordne IKT-ressursane	8
4.2 Strategi 2: Utvikle biblioteket som møteplass	10
4.3 Strategi 3: Styrkje leseglede hos barn og unge	12
4.4 Strategi 4: Styrkje biblioteket som tenesteytar	13
4.5 Strategi 5: ABM-samarbeid (arkiv, bibliotek, museum)	15
5. VEDLEGG	17
Vedlegg :	
Oversyn over alle bibliotekavdelingar i Kvam herad	
Referanseliste	

BIBLIOTEKPLAN FOR KVAM FOLKEBOKSAMLING 2004-2007

1. INNLEIING

"Samfunnsrolla til biblioteka ligg i skjeringspunktet mellom kulturpolitikk, utdanningspolitikk og ein politikk for å styrkja demokratiet. Biblioteka er viktige når det gjeld utdanning og informasjonstilgang, litteratur- og kulturformidling. Ut frå det demokratiske aspektet må målet vere å leggja til rette for at einskildmennesket kan delta aktivt i å påverka samfunnet"

Frå Stortingsmelding nr 22 "Kjelder til kunnskap og oppleveling" (1999-2000)

Hovudmålet for bibliotekplanen er ambisiøst og framtidsretta. Utviklinga av folkeboksamlinga i Kvam må skje i samsvar med overordna mål for bibliotekverksemد i Norge og hovudmål for Kvam herad som kulturkommune.

1.1 Vidareføring av bibliotekplanen frå 1991

Kvam folkeboksamling fekk utarbeidd ein bibliotekplan for kommunen i 1991. Etter den tid har biblioteket vore gjennom store endringar. Bakgrunnen for ynskje om utarbeiding av ein ny bibliotekplan er:

- Planen frå 1991 er ikkje lenger aktuell som styringsreiskap for Kvam folkeboksamling
- Krav til nye biblioteknester og ny teknologi stiller biblioteket overfor nye utfordringar
- Avtalen om bokbussdrift skal fornyast i 2004
- Ein må sjå bibliotekstrukturen i Kvam i samanheng med planar om eit regionalt kulturhus.

Etter oppfordring frå Hordaland fylkeskommune ved fylkesbiblioteksjef, Ruth Ørnholts, har Kvam herad ved heradsstyret gjeve klarsignal til at det vert utarbeidd ein ny plan for bibliotekdrifta i Kvam herad.

Bibliotekplanen skal gje eit samla oversyn over den aktiviteten som vert dreve i dag, seie noko om framtidig drift, framtidige tenester og bibliotekstrukturen i Kvam folkeboksamling. Bibliotekplanen frå 1991 hadde ei fyldig og god skildring av framveksten av Kvam folkeboksamling, og dette vert difor ikkje prioritert i denne planen. Bibliotekplanen skal vere eit styringsreiskap for politikarar og kommunal administrasjon for den vidare utvikling og drift av Kvam folkeboksamling.

1.2 Planprosessen

Heradsstyret vedtok den 11.02.03 at det skulle utarbeidast ein ny bibliotekplan for Kvam.

Bibliotekplanen er utarbeidd av ei plangruppe som består av to politikarar ; Gjermund Stuve og Hildegunn Aksnes, ein lånar; Nette Tveit, ein representant frå Hordaland fylkesbibliotek; Eli Lothe, bokbuss-sjåfør og biblioteksjef i Kvam herad; Rolf Mo og Siv Røyneland. Plangruppa har fullmakt til å knyte til seg dei personar ein finn føremålsteneleg. Medlemmene i plangruppa har gjort seg kjend med alle bibliotekavdelingane, og gruppa har hatt tilsaman seks møter gjennom 2003;

07.04.03	Norheimsund bibliotek
15.05.03	Øystese bibliotek
19.06.03	Ålvik bibliotek
12.09.03	Strandebarm bibliotek og bokbussen
16.10.03	Norheimsund bibliotek
24.11.03	Norheimsund bibliotek

Plangruppa sitt mandat vart gjeve av Kvam heradsstyret den 11.02.03

"Bibliotekplanen for Kvam skal mellom anna utgreie følgjande:

- Struktur for framtidig bibliotekteneste i Kvam
- Framtidige biblioteklokale
- Nye tenestetilbod
- Regionale bibliotektenester
- Opningstider/bemanning"

Planarbeidet skal vere fullført innan utgangen av 2003.

2. MÅL OG OVERORDNA FØRINGAR

Visjon om mål for Kvam folkeboksamling er tidlegare formulert i plandokument for Hardinghamset. Visjon og mål er sett i lys av lokale føringer for bibliotekverksemda gjennom kommuneplanen, nasjonal bibliotekpolitikk og samfunnstrendar.

2.1 Visjon om mål for Kvam folkeboksamling

Visjon for Kvam folkeboksamling:
Biblioteket skal vere ei kjelde til inspirasjon, kunnskap og rekreasjon

Mål for Kvam folkeboksamling:

- Biblioteket må vere ein naturleg stad å vende seg for alle
- Biblioteket skal vere ein ressurs for deg i **skuletid, studietid, arbeidsliv** og **fritid**
- Biblioteket skal gje ei kjensle av sosial velferd og oppleveling av identitet og fellesskap

2.2 Staten si rolle

Statleg styring av bibliotekvesenet skjer gjennom Lov om folkebibliotek av 20. desember 1985.

§ 1 av lova seier:

"Målsetting

Folkebibliotekene skal ha til oppgave å fremme opplysning, utdanning og annen kulturell virksomhet gjennom informasjonsformidling og ved å stille bøker og annet egnet materiale gratis til disposisjon for alle som bor i landet.

Det enkelte bibliotek skal i sine tilbud til barn og voksne legge vekt på kvalitet, allsidighet og aktualitet.

Virksomheten skal være utadrettet, og tilbudene skal gjøres kjent.

Folkebibliotekene er ledd i et nasjonalt bibliotekssystem. "

2.3 Fylket si rolle

Verksemda til fylkesbiblioteket er heimla i Lov om folkebibliotek (Biblioteklova).

Fylkesbiblioteket sine oppgåver er etter lova:

Fjernlånsveksemd, lånesamarbeid og samlingsutvikling, rådgjeving til lokale styresmakter, bibliotekfagleg rettleiing og assistanse, arrangere møte og kurs om bibliotekspørsmål, samarbeid med skuleleiinga i fylkeskommunen og dei statlege skulestyresmaktene. Dessutan skal fylkeskommunen gi uttale om fordeling av statlege midlar, og støtte statlege styresmakter med utgreining og planlegging. Fylkesbiblioteket sine primære målgrupper er ikkje sluttbrukaren, men lova gir opning for direkte utlån frå bokbuss/bokbåt, og for at fylkesbiblioteket kan ta på seg drift av folkebibliotek på lokalt nivå.

Fylkesbiblioteket i Hordaland har utarbeidd "Fylkesdelplan for biblioteka i Hordaland 2002-2005". Alle biblioteka i fylket vart invitert til kome med innspel til planen, og til å engasjere seg som deltararar i prosjekt innan ulike prioriterte tiltak. Kvam folkeboksamling er med i tiltak 3.5 Nærnett – tiltak for å tilrettelegge folkebibliotek som tenesteytar til lokalt næringsliv) og tiltak 5.3 Kunnskapsnettverk- indre Hordaland (utvikle folkebiblioteka som studiesenter for livslang læring). Bibliotek som deltek i prosjekt får både fagleg og økonomisk støtte gjennom prosjekta. Fylkesbiblioteket organiserer faglege møter og kurs, formidlar bibliotekfagleg kompetanse og er ein regional utviklingspådrivar.

2.4 Kommunen si rolle

Kommunen har det primære ansvaret for bibliotektilbodet til sine eigne innbyggjarar. Kommunen skal ha eit hovudbibliotek, og kan opprette filialar, bokbuss og nyte bokbåt. Delar av drifta kan vere interkommunal. Grunnskulebiblioteka er eit kommunalt ansvar, og folkebiblioteka skal ha eit samarbeid med skulebibliotektensta.

Etter omorganisering i 2003 vil biblioteket ligge i eining for Informasjon, kundetorg og standandforvaltning. Eininger skal ha ein einingsleiar. Biblioteksjefen er fagleg og administrativt ansvarleg for drift av bibliotektenesta i kommunen.

I **Kommuneplan for Kvam herad** (2002-2014) står det om kulturtilbodet i kommunen:

"Kulturtilbodet i kommunen er variert, men skal me konkurrera med andre område og kommunar om å trekke til oss folk, må det satsast på tilrettelegging for idrett, bibliotek, kino/theater og kunst."

Kommuneplanen seier dette om strategi for framtidig bibliotekteneste i kommunen:

"Biblioteket skal vidareutviklast til å vera ein lett tilgjengeleg møteplass for alle grupper, med tilgang på informasjon med høg kvalitet via tradisjonelle og nye media."

Kommuneplanen seier følgjande om biblioteklokal i Norheimsund:

"Biblioteka har eit stort potensiale som informasjonsknutepunkt og møteplass. Dei formidlar kunnskap både på tradisjonelt vis og gjennom nye medium. Hovudboksamlinga i Norheimsund kunne vore ein slik møteplass om lokala hadde vore betre."

3. UTVIKLINGA AV KVAM FOLKEBOKSAMLING OG STATUS 2002

3.1 Kort historisk oversyn over utviklinga av Kvam folkeboksamling

Den første spiren til Kvam folkeboksamling var Læseselskabet i Vikør Præstegjeld, stifta i 1833. Det hadde 48 skrifter. I 1852 kom det eit Almuebibliotek i Øystese.

Vi veit lite om drifta fram til 1866, men då vart dei to boksamlingane slått saman. Frå 1867 var det to utlånsstader. Drifta kom i fastare former, og heradsstyret valde eit styre for biblioteket. Frå 1896 betalte ungdomslaget ein årleg sum for å få bøker til utlån i laget.

I Ålvik opna Ålvik Arbeiderbibliotek for utlån i 1933. Biblioteket vart eigd av ulike organisasjonar i Ålvik, og beburane kunne låne av biblioteket sine 70 bøker mot eit årskontigent på kr. 1.00,-. Bokmengden vart supplert av Statens Vandreboksamling, og "velvillig imøtekommenhet fra Øystese Soknebibliotek".

Etter kommunesamaslåinga i 1964 vart biblioteksystemet større. Kvam fekk sju boksamlingar. Det var Ålvik, Fykse, Øystese, Norheimsund, Tørvikbygd, Strandebarm og Mundheim. Denne strukturen hadde Kvam folkeboksamling heilt fram til hausten 1989, då Mundheim filial vart nedlagt.

3.2 Stoda ved Kvam folkeboksamling (status 2002) med nøkkeltal

Kvam folkeboksamling har tilsaman fem avdelingar; Hovudboksamlinga i Norheimsund, bibliotekavdelingar i Strandebarm, Øystese, Ålvik og bokbuss i samarbeid med Fusa kommune. I tillegg kjem bokbåten "Epos" til Oma to gonger i året. Bokbåten vert dreve av Hordaland fylkesbibliotek.

Bokbussen vart oppretta i 1994 som resultat av Bibliotekplanen frå 1991. Samstundes vart det lagt ned to filialar (Fykse og Tørvikbygd). Øystese bibliotek vart rusta opp med utvida lokaler, auka stilling og opningstid. Ved dei andre avdelingane har lokaler, stilling og opningstid vore uendra. Strandebarm, Øystese og Norheimsund bibliotek har automatisert utlån.

Økonomi:

Totale driftsutgifter: 1,6 mill

Dette går til:

Løn: 71% (Tal på tilsette ved biblioteket: 7 personar : 4,1 stillingar)

Bøker og AV-media: 21%

Andre utgifter: 8%

Samlingar:

Bøker for vaksne: 50.478

Bøker for barn: 14.339

AV-media: 2.138 (lydbøker, språkkurs, musikk-cd, dvd, video)

Aviser: 11

Tidsskrift: 132

Utlån:

Samla utlån: 51.635

Utlån per innbyggjar: 6,1

Utlån ulike avdelingar:

Bokbussen: 14%

Norheimsund: 49%

Strandebarne: 12%

Øystese: 21%

Ålvik: 4%

4. HANDLINGSPROGRAM 2004-2007

Det er valt fem strategiar i handlingsprogrammet. Strategiane byggjer på vurderingar av kva vegar biblioteket må gå for å nå måla som er sett. Handlingsprogrammet må rullere, og røynslene som vert gjort gjennom denne perioden må avspeglast og bringast vidare i neste handlingsprogram.

STRATEGI 1: UTVIKLE BIBLIOTEKSTRUKTUREN OG SAMORDNE IKT-RESSURSANE

- Tiltak 1.1: Ruste opp eksisterande bibliotekavdelingar
- Tiltak 1.2: Fornye bokbusskontrakten med Fusa for 10 nye år
- Tiltak 1.3: Gjere alle katalogdata tilgjengeleg på internett

Strategi 2: Utvikle biblioteket som møteplass

- Tiltak 2.1: Hovudboksamlinga i nye lokaler
- Tiltak 2.2: Øystese bibliotek i nye lokaler
- Tiltak 2.3: Utvide opningstidene med laurdagsope hovudboksamling
- Tiltak 2.4: Ålvik bibliotek i endring

Strategi 3: Styrkje leseglede hos barn og unge

- Tiltak 3.1: Oppretthalde og utvikle samarbeidet med grunnskulane i Kvam
- Tiltak 3.2: Arbeide for å få ein fast 50% stilling som barnebibliotekar
- Tiltak 3.3: Skipe til ein årleg bibliotek-aksjon for tre-åringar i kommunen

Strategi 4: Styrkje biblioteket som tenesteytar

- Tiltak 4.1: Biblioteket som studiestad
- Tiltak 4.2: Kommunal informasjon på biblioteket
- Tiltak 4.3: Musikk samling
- Tiltak 4.4: Det fleirkulturelle biblioteket

STRATEGI 5: ABM-SAMARBEID (ARKIV, BIBLIOTEK OG MUSEUM)

- Tiltak 5.1: Registrere lokalhistorisk materiale
- Tiltak 5.4: Samarbeid med lokale arkiv og museum i kommunen

Strategi 1: Utvikle bibliotekstrukturen og samordne IKT-ressursane

TILTAK 1.1: RUSTE OPP EKSISTERANDE BIBLIOTEKAVDELINGAR

BAKGRUNN:

Det er gjort ei brukarundersøking av kommunale tenester i 53 kommunar i landet. Undersøkinga er publisert i ABM-skrift nr.3 (2003) under tittelen "Befolkingens vurdering av folkebibliotekene". Undersøkinga rangerer ulike kommunale tenester og ulike bibliotektenester etter spørjeresultat frå TNS Gallup i 2002.

Folkebiblioteket kjem på delt første plass som den beste opplevde kommunale tenesta saman med barnehage og fysioterapi. Seks av enkeltforholda ved bibliotektenesta får toppkarakter av over 50% av brukarane. Desse er, i rangert rekkefølge:

1. Geografisk beliggenheit, 2. personalet si faglege dyktigkeit, 3. personalet si serviceinnstilling, 4. bokutvalet generelt, 5. enkelt å finne bøker, 6. utvalet av tidsskrift og aviser.

Seks av enkeltforholda som over 30% av befolkningen gir dårlig karakter er:

- 1.utvalet av musikk, 2. utvalet av lydbøker og video, 3. kommunal informasjon, 4. informasjon om biblioteket sine tenester, 5. tilskipingar i biblioteket, 6. biblioteket sine internettssider

Under dei siste seks punkta har også Kvam folkeboksamling eit stort forbettingspotensiale.

Mest nøygd er brukarane med geografisk beliggenheit, og det er interessant i den aktuelle debatten om bibliotekstruktur. Kvam folkeboksamling har fire faste avdelingar som dekkjer kommunen rimeleg bra og med ein bokbuss som oppsøkjer grender utan bibliotektilbod.

FORMÅL:

Ruste opp bibliotekavdelingane til moderne avdelingar med tilbod om variert litteratur og mediatilbod, oppdaterte og innbydande samlingar og gode IKT-løysingar som gjev kulturelle opplevelingar og likeverdig informasjonstilbod til alle.

- Medialøyvingane og løyvingar til IKT-utvikling ved biblioteka må styrkjast i åra som kjem.

TILTAK 1.2 FORNYE BOKBUSSKONTRAKTEN MED FUSA FOR 10 NYE ÅR

BAKGRUNN:

Bokbussen vert dreven i samarbeid med Fusa kommune. Avtalen med Fusa vart inngått i 1994, og denne må fornyast i 2004. Bokbussen er ni år gammal og i god stand. Bokbussen reiser til alle skulane i Kvam som ikkje ligg i gåavstand til ei bibliotekavdeling. Tilbodet til bokbussen er særleg nytta av born, og bussdrifta må sjåast i samanheng med skulestrukturen. Bokbussen er eit godt tilbod i små lokalsamfunn i heradet, og stoppestader vert endra på førespurnad.

Inntil 2000 fekk kommunane øyremerka driftstilskot til mobil bibliotekteneste. Desse midlane er falle bort. Kostnadene til drift av bokbussen vert betalt over eige budsjett (224.000,- i 2003).

FORMÅL:

Mobil bibliotekteneste er eit godt bibliotektilbod i ein vidstrakt kommune som Kvam. Bussen er godt besøkt og har mange trufaste brukarar særleg blant born og eldre. Vi ønskjer å oppretthalde eit interkommunalt samarbeid med Fusa om drift av bokbussen.

- Kontrakten med Fusa om drift av bokbussen må fornyast for 10 nye år.

TILTAK 1.3 GJERE ALLE KATALOGDATA TILGJENGELEG PÅ INTERNETT

BAKGRUNN:

Gallup-undersøkjinga syner at folk forventar at biblioteka har oversyn over samlingane sine tilgjengeleg på internett. Katalogdata ved avdelingane i Norheimsund, Strandebarm, Øystese og bokbussen er registrert i datasystemet Mikromarc, men er ikkje tilgjengeleg på internett. Ved å slå saman katalogane og legge den samla katalogen på internett, vil ein kunne leite i samlingane, reservere titlar og sende elektroniske meldingar til biblioteket. Ei katalogsamanslåing vil gjere bibliotektenestene meir tilgjengelege for brukarane og bibliotekavdelingane. Eingongskostnadene til katalogsamanslåing kan biblioteket koste sjølv, men dei framtidige driftskostnadene av dataprogram vil auke.

FORMÅL:

Gje eit betre bibliotektilbod til kommunen sine innbyggjarar gjennom å gjere samlingane tilgjengelege på internett. Kvam folkeboksamling sine heimesider må vidareutviklast og gje tilgang til oppdatert informasjon om biblioteka sine tenester.

- Tilgang til Kvam folkeboksamling sine katalogdata på internett i 2004.
- Auke dei årlege løyvingane til lisens (17% av kostnadene på eingongsinvesteringa)

Strategi 2: Utvikle biblioteket som møteplass

Fysisk tilgjenge må prioriterast ved planlegging av biblioteklokaler, både med omsyn til geografisk lokalisering i bygdene og sjølvé lokala må vere godt tilgjengelege for funksjonshemma.

TILTAK 2.1 HOVUDBOKSAMLINGA I NYE LOKALER

BAKGRUNN:

Bibliotekplangruppa er samde om at Kvam folkeboksamling må ha eit sterkt og samlande hovudbibliotek plassert i Norheimsund. Dette vert endå meir naturleg etter at heradsstyret den 17.06.03 avgjorde at det skal byggast regionalt kulturhus i Kvam med plassering i Norheimsund sentrum. Hardinghamset, som kulturhuset heiter, skal etter planen ha byggestart i 2008. Både som lokalbibliotek for Norheimsund, Vikøy/Aksnes, Steindalen og som hovudbibliotek i Kvam herad, er biblioteket for lite i areal og innhald. Inntil Hardinghamset er klart har innbyggjarane krav på eit betre bibliotektilbod frå hovudbiblioteket sitt. I noverande lokaler er det ikkje eigen barneavdeling, ungdomsavdeling, studieplassar, tilfredsstillande magasin, areal til utstillingar, forfattarvitjingar el.liknande.

FORMÅL:

Utvikle og utnytte det potensialet biblioteket har som møteplass. Biblioteket er ein unik institusjon med tilbod for alle innbyggjarar i kommunen på tvers av alder, kjønn, utdanning og nasjonalitet. I større og betre eigna lokaler kan hovudbiblioteket utviklast til å verte den positive ressursen det kan vere for Kvam som kulturkommune.

- Det er nødvendig men snarleg flytting av biblioteket til større og meir sentrale lokaler i påvente av Hardingshuset (i 2004)

TILTAK 2.2 UTVIDE OPNINGSTIDENE

BAKGRUNN:

Ingen av Kvam folkeboksamling sine avdelingar har laurdagsope til trass for at etterspurnaden er stor. Særleg ligg det forventningar til at hovudboksamlinga skal halde ope på laurdagar. Ved ei flytting av biblioteket til nye lokaler vil dette presse seg fram. Biblioteka vil i perioden for handlingsprogrammet utvide til å gje ei kommunal informasjonstjeneste til innbyggjarane. For å vere meir tilgjengelege både som folkeboksamling og som kommunalt informasjonspunkt, vil det vere naturleg å utvide opningstidene på kveldstid ved dei biblioteka som skal yte denne tenesta.

FORMÅL:

Gje innbyggjarane i Kvam eit bibliotektilbod også på laurdagar, i første omgang ved å halde laurdagsope ved hovudboksamling i Norheimsund. Utvide opningstidene i samband med at kommunal informasjonstjeneste lagt til folkeboksamlinga sine avdelingar.

- Laurdagsope hovudbibliotek når ein kjem i nye lokaler

TILTAK 2.3 ØYSTESE BIBLIOTEK I NYE LOKALER

BAKGRUNN:

Trass i den korte avstanden mellom Norheimsund og Øystese, så meiner bibliotekplangruppa at bygdene må ha kvart sitt bibliotek. Øystese har over 2300 innbyggjarar, og er ei stor skulebygd frå grunnskule til gymnas. Biblioteket har mange trufaste brukarar, og ein stor andel av desse er born. Vi trur at bruken av biblioteket vil verte betre gjennom å flytte det til meir sentrale lokaler i Øystese. Biblioteket ligg i dag i Øystese ungdomsskule og er eit kombinasjonsbibliotek med skule- og folkebibliotek i same lokalet. Biblioteket fungerer betre som eit skulebibliotek enn eit folkebibliotek. Som folkebibliotek ligg det for usentralt til i bygda.

FORMÅL:

Bibliotekplangruppa ser for seg eit moderne bibliotek i sentrale lokaler, der biblioteket sine kundar kan nyte andre service-tilbod samstundes. Særleg vil dette vere ei stor føremoen for eldre. Biblioteket vil få ein funksjon som møteplass, studieplass og ein stad for rekreasjon i større grad enn det har i dag.

- Bibliotekplangruppa meiner biblioteket i Øystese treng nye lokaler i sentrum

2.4 ÅLVIK BIBLIOTEK I ENDRING

Biblioteket har hatt ein drastisk nedgang i utlånet dei seinare år. Bibliotekplangruppa ser for seg ei endring i drifta av biblioteket i Ålvik; eit bibliotek med langt færre reolar og bøker, der materialet som vert tilbode er aktuelt og allsidig. Biblioteket treng gode sitteplassar, avisar, tidsskrift og informasjon tilgjengeleg via internett. Dersom biblioteket skal flyttast til nye lokaler i sentrum, bør det samlokalisera med andre med møteplass-funksjonar som høver for alle aldersgrupper. For å nå borna må samarbeidet med barnehage og skule utvidast.

- Biblioteket i Ålvik må i større grad ha profil som møtestad med aktuell informasjon

Strategi 3 : Styrkje leseglede hos barn og unge

Tiltak 3.1 Utvikle samarbeidet med grunnskulane i Kvam

BAKGRUNN:

I lov om folkebibliotek står det at alle folkebibliotek skal ha ein skrifteleg samarbeidsavtale med skulebiblioteka. I Kvam eksisterer det ikkje ein overordna avtale, men to enkeltvise for Strandebarm og Øystese. Kvam folkeboksamling skal drive rettleiing og gje grunnopplæring i drift av biblioteka til bibliotekansvarlege ved skulane. Alle folkebibliotekavdelingane har eit uformelt samarbeid med skulane gjennom klassebesøk, utlån av depotsamlingar, utstillingar og lesestunder på førespurnad.

Lov om grunnskolen og den videaregåande opplæringa (opplæringslova) av 17.07.1998 seier om skulebiblioteket:

*Skulebiblioteket skal ha ein **sentral plass i opplæringa** og tene som senter for kulturell verksemd, for informasjon og materiell. [...]*

*Skulebiblioteket skal **fremje leseglede, stimulere til fritidslesing** og fagleg fordjuping, og vere ein stad der elevane aktivt kan **lære å søkje informasjon** gjennom ulike kjelder.*

Skular med gode bibliotek elskar fram flittige boklesarar som oppsøkjer bokbuss, bokbåt og folkebibliotek. Skulane i Kvam har gode skulebibliotek etter ei større satsing på fornying av mediasamlingane, IKT-ressursar og innkjøp av biblioteksystemet Mikromarc. Men dei fleste skulane slit med knappe personalressursar til å drive biblioteka.

FORMÅL:

Kvam folkeboksamling ynskjer å utvikle samarbeidet med skulebiblioteka gjennom å tilby bruk av våre mediasamlingar, vere med å inspirere til meir lesing gjennom leseprosjekt (som t.d. den årlege leseaksjonen TXT), bokinformasjon, utstillingar, forfattarbesøk og liknande.

- Bibliotekplangruppa ynskjer at folkeboksamlinga tek initiativ til å lage ein overordna samarbeidsavtale med skulebiblioteka i kommunen.

Tiltak 3.2 Arbeide for å opprette ein 50% stilling som barnebibliotekar

BAKGRUNN:

Det interkommunale samarbeidsprosjektet "Bok over fjord" har gått over tre år (2000-2003) med Ragna Helene Vestrheim som ansvarleg. Ho har arbeidd med lesestimulerande tiltak retta mot barn og unge i Kvam, Eidfjord og Fusa. Prosjektet har synt at det er stor trong for informasjon og formidling av barnelitteratur både for lærarar, bibliotektilsette, foreldre og ikkje minst for barna! Arbeidet med "Bok over fjord" har gitt ikkje så målbare, men veldig merkbare resultat. Mange har vendt seg til biblioteket for å låne bøker som er blitt presentert gjennom "Bok over fjord".

Prosjektrapporten seier mellom anna i sin konklusjon ... *"Me får og håpa at dei ansatte ved biblioteka tek seg tid til å vitja skulane og lesa litt for born og vaksne!"*

Det å setja seg inn i kva som fins av barne- og ungdomsbøker til ei kvar tid er tidkrevjande. Det er eit stort behov i kvar av kommunane at nokon gjer det, og formidlar det vidare!"

Utdannings- og forskningsdepartementet har laga ein 5-årig tiltaksplan (2003-2007); **"Gi rom for lesing"**. Strategien er å stimulere barn og unge til leselyst og kunnskapsglede. Dei ulike biblioteka i kommunane vert gitt ei viktig rolle i gjennomføringa av tiltaka.

FORMÅL:

Kvam herad treng ein fast stilling som barnebibliotekar for å drive bibliotekeneste retta mot barn og unge og vaksne formidlarar. Stillinga må vere lagt til Kvam folkeboksamling og personen må arbeide aktivt med lesestimulerande tiltak.

- Det skal arbeidast for å opprette ein fast stilling som barnebibliotekar i Kvam herad.

Tiltak 3.3 Skipe til ein årleg bibliotek-aksjon retta mot tre-åringar i kommunen

BAKGRUNN:

I siste driftsåret til "Bok over fjord" vart alle tre-åringane i deltagarkommunane inviterte til sitt nærmaste folkebibliotek for å få tildelt ei bokgåve og ei hyggeleg stund på biblioteket. Bakgrunnen for invitasjonen var å nå barnefamiliane med gode bøker for småbarn, og å presentere biblioteket som kulturformidlar og attraktiv møteplass.

FORMÅL:

Ideen til 3-års bok og gjennomføringa av tiltaket vart ein suksess som vi gjerne vil innføre som eit årleg tilbod ved folkeboksamlingane i Kvam.

- Kvam folkeboksamling skal halde årleg bok-aksjon retta mot 3-åringar i Kvam frå og med 2004.

Strategi 4: Styrkje biblioteket som tenesteytar

"Folkebiblioteket er ein unik fellesressurs på den måten at tjenestespekeret retter seg mot hele befolkningen, både barn, ungdom, voksne og eldre, og er innrettet på å dekke behov både i fritid, på skole og jobb". Sitat frå ABM-skrift 3 "Befolkingens vurdering av folkebibliotekene".

Tiltak 4.1 Biblioteket som studiestad

BAKGRUNN:

Utdanningssamfunnet stiller store krav til folkebiblioteket. Utdanninga startar i barnehagen og held fram gjennom grunnskule, vidaregåande, høgskular, universitet og vaksenopplæring. Biblioteket har eit ansvar for desse gruppene. Bøker og IKT er reiskap i all utdanning.

Biblioteka har stor pågang av elevar frå den vidaregåande skulen. Til Norheimsund soknar Framnes kristne vidaregåande skule og Norheimsund vidaregåande skule. I Øystese har vi Øystese gymnas. Elevane har etter reform -94 ansvar for eiga læring og treng rettleiing til å finne fram i kunnskapskjeldene på biblioteket. Denne brukargruppa er ny og krevande. Alle vidaregåande skular har eige bibliotek, men folkeboksamlinga sine ressursar er eit viktig supplement for elevane.

Gjennom deltaking i prosjektet "Kunnskapsnettverk – Indre Hordaland", eit prosjekt i Regionalt Utviklingsprogram for Hordaland, har Kvam folkeboksamling gjennom 2 års deltaking freista å bygge opp ei teneste retta mot studiesøkande og studerande. Bibliotekpersonalet skal hjelpe til med å finne informasjon om ulike typar kurs og utdanning, skaffe litteratur og tilby studieplass. Biblioteket har merka stor pågang av elevar frå grunnskule og vidaregåande skule som søker informasjon til prosjekt-arbeid og vaksne som søker studiestad for livslang læring.

Gjennom deltaking i eit fylkeskommunalt/statleg prosjekt om formidling av elektronisk næringslivsinformasjon, Nærinett, har ulike bedrifter i Kvam fått tilbod om ei proaktiv informasjonteneste. Biblioteket i Norheimsund har også eit utval litteratur som høver for nyetablerarar og næringslivet generelt.

FORMÅL:

Folkeboksamlinga skal utviklast til å verte ein aktiv bidragsytar i etter- og vidareutdanning og for næringslivet. Biblioteka må skape gode studietilhøve ved å tilby studieplassar med pc'ar og relevant programvare, oppslagsverk og generell studielitteratur. Både lokaler, IKT-utstyr og litteratursamlingar må rustast opp for å møte eit aukande behov for gode studietilhøve på heimstaden.

- Kvam folkeboksamling skal tilby gode studietilhøve for innbyggjarane med godt IKT-utstyr, tilrettelagde arbeidsplassar og aktuelle litteratursamlingar

Tiltak 4.2 Kommunal informasjon på biblioteket

BAKGRUNN:

Mange bibliotek har med suksess organisert kommunale tenestetorg eller offentlege servicekontor (OSK), der kommunen sine innbyggjarar kan vende seg til biblioteket for å få offentleg, communal informasjon. Føremonene ved å ha ei slik teneste ved biblioteket, er at biblioteket er ope på kveldstid, ofte på laurdagar og terskelen for folk flest er lågare her enn til kommunehuset. Bibliotek som yt ei slik teneste må ha tilsett spesialistar på communal infomasjon. Bibliotekplangruppa skulle sjå på personalressursar og foreslår ein barnebibliotekarstilling + auka ressursar i høve til nye oppgåver i biblioteka og auka opningstid.

FORMÅL:

Frå hausten 2003 er Kvam folkeboksamling organisert i eining for i informasjon, kundetorg og standardforvaltning. Det er ynskjeleg med eit tettare samarbeid mellom kommunen som informasjonleverandør og bibliotektenesta. Kommunal informasjonsformidling og interaktive bibliotektenester er oppgåver biblioteket som offentleg rom og møtestad i kommunen må arbeide med i komande år. Målet er at innbyggjarane i Kvam kan vende seg til biblioteka og få hjelp til å finne communal informasjon.

- Det skal arbeidast for å utvikle ei communal informasjonsteneste ved Kvam folkeboksamling i samband med ny organisering i Eining for informasjon og standardforvaltning
- Biblioteka treng høvelege **lokaler, auka personalressursar** og **utvida opningstid** i samband med innføring av communal informasjonsteneste

Tiltak 4.3 Musikk samling

BAKGRUNN:

Bibliotekbrukarane stiller krav til eit godt bibliotek. Det er stadig fleire folkebibliotek som har musikkavdelig med lydopptak, lytteplassar, notearkiv, musikkvideo, DVD, litteratur om musikk og musikktidsskrift. Det er stor etterspurnad etter ei slik avdeling ved Kvam folkeboksamling. Musikk er ikkje fjernlånsmateriale, og vi må difor halde samling sjølv for å ha eit tilbod. Per i dag har biblioteket kun musikk med lokale utøvarar og komponistar.

FORMÅL:

Biblioteket må byggje opp ei musikk samling ved hovudboksamlinga i Norheimsund. Musikk samlinga skal innehalde norsk musikk på CD-plater. Musikken vil vere til utlån, og biblioteket må ha eigne lytteplassar.

- Bibliotekplangruppa ynskjer at biblioteket byggjer opp ei musikk-samling ved hovudboksamlinga.

Tiltak 4.4 Det fleirkulturelle bibliotek

BAKGRUNN:

Biblioteka i Norheimsund og Strandebarm har hatt ein stor pågang nye brukarar frå flyktingemottaka. Den nye brukargruppa har trøng for å nytte internett, skaffe litteratur på eige språk, språkkurs og tilrettelagt litteratur. Biblioteka ha lånt inn depotsamlingar, auka det generelle fjernlånet, og har fullt belegg på publikums-maskiner med internett. Det syner seg at biblioteket også har ein stor verdi som møteplass og ein stad å vere.

"Håndbok 2003 : en veileder i arbeidet med flyktninger, asylsökere og innvandrere" seier dette om folkebibliotek og språklege minoritetar:

"Folkebiblioteket har flere viktige funksjoner i forhold til språklige minoriteter. Vedlikehold av morsmålet og egen kultur og det å holde seg oppdatert på hendelser i hjemlandet er viktig både i integritetsarbeidet og i et tilbakevendingsperspektiv, og bibliotekene kan tilby lesestoff på eget språk og oppdatert informasjon om hjemlandet via bøker, aviser, tidsskrifter og annet materiale og via internett.

Undersøkelser viser dessuten at folkebibliotekene er det offentlige kulturtilbud som har lyktes best i å nå flyktninger og innvandrere. Bibliotekene er derfor gode møteplasser for holdningsskapende arbeid, formidling av informasjon om det flerkulturelle Norge og samhandling mellom nordmenn og språklige minoriteter."

FORMÅL:

Biblioteka må gjennom samarbeid med flyktingekontoret og flyktingemottaket bygge opp ei teneste som stettar framandspråklege sine interesser. Strandebarm bibliotek må få internett-tilgang og Norheimsund bibliotek må ha lokaler som høver til det store besøket det har (10-20 framandspråklege dagleg).

- Det må satsast på tilrettelegging av tenster for framandspråklege ved bibliotekavdelingar som ligg nær Kvam statlege flyktingemottak.

Strategi 5: ABM-samarbeid (arkiv, bibliotek og museum)

ABM-utvikling vart oppretta 1. januar 2003 gjennom ei samanslåing av Statens bibliotektilsyn, Norsk museumsutvikling og Riksbibliotektenesta. ABM-utvikling skal vere eit strategisk utviklingsorgan, arbeide med felles utviklings- og samarbeidstiltak og spesifikke utfordringar for dei tre sektorane. Kultur- og kyrkjedepartementet har det overordna ansvaret for ABM-utvikling.

Tiltak 5.1: Registrere lokalhistorisk materiale

BAKGRUNN:

Dei lokalhistoriske samlingane ved Kvam folkeboksamling er særstak etterspurd, både av skuleelevar, for fritidslesing, lokalhistorisk forsking og slektsgranskning. Samlingane inneheld bøker, tidsskrift, mikrofilm, aviser, musikk-cd, video, brosjyrer. Det er ei viktig oppgåve for biblioteket å ta spesielt vare på materiale som har tilknytning til Kvam.

Lokale namn som særleg nemnast er Hans E. Kinck, Jon Fosse, Geirr Tveitt og Ingebrig特 Vik. Biblioteka skal ha som mål å tilby ei komplett samling av litteraturen av Hans E. Kinck og Jon Fosse. Biblioteket kjøper litteratur om Geirr Tveitt og Ingebrig特 Vik. I tillegg ynskjer biblioteket å komplettere samlinga med musikk/musikktrykk av Geirr Tveitt.

FORMÅL:

Folkeboksamlinga skal vere ei nøkkelverksemrd i lokalsamfunnet når det gjeld å samle, ta vare på og spreie lokal kultur, dette gjeldbåde nytt og gammalt materiale. Til dømes gjennom å halde sogestunder, lage utstillingar, samle nettressursar om lokale emner.

- Kvam folkeboksamling må samla og organisera lokalt stoff av ulike mediatypar til ei mest mogeleg komplett lokalhistorisk samling.

Tiltak 5.2: Samarbeid med lokale arkiv og museum i Kvam

BAKGRUNN:

Etter St.meld nr 22 (1999-2000) : Kjelder til kunnskap og oppleving , vart Statens bibliotektilsyn og Norsk museumsutvikling slått saman til eitt statleg organ med namnet ABM-utvikling med undertittelen "Kulturdepartementets samordningsorgan for arkiv, bibliotek og museum". Målet med samanslåinga er å fremja ei heilskapleg tenking kring arkiv, museum og bibliotek. I Kvam finns det ikkje noko organisert samarbeid mellom arkiv, museum eller bibliotek.

Kvam herad har fylgjande museum/arkiv:

- Hardanger fartøyvernsenter
- Historisk kommunalt arkiv i Kvam rådhus
- Samlingane i Kvam rådhus
- Tørvikbygd bygdemuseum
- Kvam bygdemuseum
 - Storeteigen
 - Ingebrigt Vik museum
 - Ålvik industriarbeidermuseum
 - Borgstova, Vikøy prestegard

Strandebarm har Kinck-huset, som er i privat eige. Biblioteket i Strandebarm har eit uformelt samarbeid med eigar.

Kvam folkeboksamling ynskjer å halde fram og utvikle samarbeidet med dokumentasjonssenteret på Hardanger fartøyvernsenter. Dokumentasjonssenteret har ei stor samling litteratur om trebåthistorie.

FORMÅL:

Kvam folkeboksamling skal ha eit oversyn over kva kunnskapsressursar som vert forvalta av museum og arkiv i kommunen.

- Biblioteket må samarbeide med fagpersonar som har god kunnskap om lokalhistorie og lokal kultur i Kvam.

VEDLEGG

Oversyn over bibliotekavdelingane i Kvam:

Norheimsund bibliotek (hovudboksamlinga)

Lokale:

Hovudbiblioteket til Kvam folkeboksamling er plassert i lokaler i Norheimsund ungdomsskule. Biblioteket har 188 kvm., mindre en 1/3 av den rettleiande normen frå Statens bibliotektilsyn for eit hovudbibliotek i ein kommune med 8500 innbyggjarar. Biblioteket har ikkje barneavdeling, ungdomsavdeling, leseplassar, tilfredsstillande magasin, lagerplass for

bokbussen, musikkavdeling, møtelokaler, kun ein skrankeplass, ikkje personalrom, toalett for publikum eller kontorplass til alle tilsette ved biblioteket.

Opningstider:

Biblioteket har ope 28 timer i veka, 4 av desse er etter kl.17.00. Hausten 2000 utvida biblioteket opningstidene frå 22 timer per veke til 28.

Utlån:

Biblioteket hadde eit utlån på i overkant av 25.000 i 2002. I 2000 var utlånet på kring 13.000.

Aktivitetene/bruken av biblioteket i Norheimsund er aukande. Eit stadig høgare utlån tyder på auka behov for biblioteket sine tenester. I takt med aukande utlån har biblioteket eit større antal besøkande som oppheld seg i biblioteket. Biblioteket er for mange ein viktig møteplass. Bruk av biblioteket er m.a. å lese tidsskrift/aviser, bruke oppslagsverk, referansespørsmål ,bruk av Pc m.m. Biblioteket har gjennom dei seinare år fått tre nye, store brukargrupper:

- flyktningar og innvandrarar / framandspråklege
- skulelevar med prosjektoppgåver
- heimebuande studentar

Personalressursar:

Kvam folkeboksamling fekk styrka bemanning i 2000 med 67% (fordelt på Øystese og Norheimsund). Hovudbiblioteket har to årsverk.

Arbeidsoppgåver:

Det faglege og administrative ansvaret for drift og utvikling av bibliotektenestene ligg til stillinga som biblioteksjef, som er knytt til hovudboksamlinga. Utvikling av bibliotektenester vert gjort i samarbeid med dei tilsette ved biblioteket og andre samarbeidspartar.

Biblioteket deltek til ei kvar tid i eitt eller fleire prosjekt i samarbeid med Hordaland fylkesbibliotek. I 2002 var biblioteket engasjert i Nærinet (eit samarbeid mellom næringsavdeling i kommunen og bibliotek retta mot informasjon til næringslivet), Kunnskapsnettverk- Indre Hordaland (bibliotek som studieverkstad) og Bok over fjord (prosjekt for auka leselyst og betre bibliotektilbod for barn og unge i Eidfjord, Fusa og Kvam.)

Hovudboksamlinga har mellom anna ansvar for lokalhistorisk samling, skal ha ei fyldigare samling enn dei andre avdelingane og ta hand om eit større magasin.

Strandebarm bibliotek

Lokaler:

Strandebarm bibliotek er eit kombinasjonbibliotek, det vil seie at folke- og skuleboksamlinga er eitt og same bibliotek. Strandebarm bibliotek ligg i Strandebarm skule. Biblioteket har 190kvm til rådvelde.

Opningstider:

Strandebarm bibliotek har ope 8,5 timer per veke. 5,5 av desse er etter kl 17.00.

Utlån:

Standebarm bibliotek hadde eit utlån på 6200 i 2002. Dette er ein kraftig auke frå året før (3900).

Personalressursar:

Avdelingsleiar for biblioteket er på 30%. Skulen stiller eigne ressursar til skulebiblioteket (10%). Det er eit godt samarbeid mellom skule- og folkebiblioteket.

Arbeidsoppgåver:

Innkjøp, organisering av materialet og utlån. Biblioteket har fått ei stor, ny brukargruppe gjennom Flyktningemottaket i Strandebarm.

Det er eit godt samarbeid mellom skule- og folkebiblioteket. Samarbeidet er nedfelt i ein skrifteleg avtale som partane vedlikeheld og følgjer. Rektor har sett gjeve biblioteket ein sentral plass i skulen si daglege drift. Biblioteket fungerer også godt som folkebibliotek.

Øystese bibliotek

Lokaler:

Øystese bibliotek er eit kombinasjonbibliotek som samarbeider med Øystese ungdomsskule. Lokalet som folkeboksamlinga disponerer er kring 100kvm.

Opningstider:

Biblioteket utvida frå 8 til 23 opningstimar i 1995. I dag har biblioteket 24 opningstimar i veka. Fire timer av desse er etter kl. 17.00.

Utlån:

Øystese bibliotek hadde eit utlån på 11.000 i 2002 (ein auke på 1000 frå 2001).

Personalressursar:

Det er knytt 141% stillingsressursar til biblioteket i Øystese.

Arbeidsoppgåver:

Innkjøp, organisering av materialet og utlån. To av biblioteket sine tilsette arbeider både i Øystese og Norheimsund. Det er eit tett samarbeid mellom avdelingane i Norheimsund/Øystese. Mellom anna er internlånet av bøker og anna materiell mellom avdelingane stort.

Ålvik bibliotek

Lokaler:

Ålvik bibliotek har 105kvm i Idrettens hus (eigd av kommunen). Lokala ligg i nærleiken av idrettsanlegg, boligfelt og barnehage. Det er eit ønske frå Ålvik arbeidarlag å flytte biblioteket til andre lokaler.

(<http://www.kvam.kommune.no/innsyn/dokumenter/2003003679.pdf>) Til diskusjon!

Opningstider:

Ålvik bibliotek er ope 8 timer per veke, fire av desse er etter kl 17.00.

Utlån:

I 2002 var det 1800 utlån i Ålvik (ein liten nedgang frå 2001).

Personalressursar:

Avdelingsleiar har ei stilling på 28%.

Arbeidsoppgåver:

Innkjøp, organisering av materialet og utlån.

Bokbussen

Bokbussen vert dreven i samarbeid med Fusa kommune. Avtalen med Fusa vart inngått i 1994, og denne må reforhandlast i 2004. Bokbussen er åtte år gamal, i god stand, og kan vonaleg køyre i ein ny kontraktsperiode på fem år. Bokbussen reiser til alle skulane i Kvam som ikkje ligg i gåavstand til ein bibliotekavdeling. Tilbodet til bokbussen er særleg nytta av born, og bussdrifta må sjåast i samanheng med skulestrukturen. Bokbussen er eit godt tilbod i små lokalsamfunn i heradet.

Inntil 2000 fekk kommunane øyremerka driftstilskot mobil bibliotekteneste. Desse midlane er falle bort.

Opningstider:

Bokbussen kører annakvar veke, og køyreplanen vert sett opp for eit halvt år om gangen. Det vert teke omsyn til ønskjer om nye, endra buss-stopp. Busstidene vert annonser i lokalavisa og på heimsidene til Kvam folkeboksamling.
(<http://kvam.bibliotekivest.no/bokbuss.htm>).

Utlån:

Bokbussen hadde eit utlån på 7100 i 2002. Utlånstala har auka jamt og trutt sidan oppstart i 1994.

Personalressursar:

Bokbuss-sjåføren er tilsett i 50% stilling.

Bokbåten

Bokbåten vert dreven av Hordaland fylkeskommune. Kvam har bokbåtstopp på Oma, og båten kjem ein gong på hausten og ein gong på våren. Båten er lasta med bøker, bibliotekarar og ofte har dei eit kulturtildel som ein forfattar eller ei teatergruppe med seg. Eit besøk på bokbåten kan vere ei oppleving både for liten og stor. Kvart bokbåtstopp har ein bokbåtkontakt, ein person som låner med nokre kassar med bøker, som grenda kan nytte dei månadane det tek før bokbåten kjem attende.

Andre bibliotekpunkt:

I tillegg har kvar enkelt skule i kommunen eit eige skulebibliotek (Grunnskulane og dei vidaregåande skulane)

Hardanger Fartøyvernsenter har også eit eige bibliotek

Referanse:

BEFOLKNINGENS VURDERING AV FOLKEBIBLIOTEKENE. – Oslo : ABM-utvikling, 2003 . – (ABM-skrift nr 3)

BIBLIOTEKSTATISTIKK: folkebibliotek, grunnskulebibliotek, bibliotek i vidaregåande skule, årsmelding for Hordaland fylkeskommune 2002.- [Bergen] : Hordaland fylkeskommune, 2003

FOLKEBIBLIOTEKTENESTA : IFLA/UNESCOs retningslinjer for utvikling. – [Oslo] , 2002

FYLKESDELPLAN FOR BIBLIOTEKA I HORDALAND 2002-2005. – Bergen : Hordaland fylkeskommune, 2002

HÅNDBOK 2003 : en veileder i arbeidet med flyktninger, asylsøkere og innvandrere

KOMMUNEPLAN 2002-2014 : mål og strategiar : Kvam herad, 2002

LOV OM FOLKEBIBLIOTEK av 20.desember 1985 nr. 108 (biblioteklova)

ST.MELD: NR.22 (1999-2000). Kjelder til kunnskap og oppleving : om arkiv, bibliotek og museum i ei IKT-tid ogom bygningsmessige rammevilkår på kulturområdet (ABM-meldinga)

ULVIK, Synnøve: Portåpneren : formidling av skjønnlitteratur i skolebibliotek – hvorfor, hvem, hvordan? . – Oslo : Norsk kulturråd, 1995

ÅRSmelding 2002 : KVAM HERAD. – [Øystese] : Kvam herad, 2003

Ordforklaringer:

Fjernlån: Lån mellom biblioteka

Referansespørsmål: Spørsmål som bibliotekbrukaren må ha fagleg hjelp for å finne svar på